



INNKALLING TIL EKSTRAORDINÆRT ÅRSMØTE I HUSNES VEKST

Tysdag 6. juni 2017 kl 19:00 i Gry Helge's Bar og Restaurant
(Opsangervegen 69)

ETTER ÅRSMØTET VERT DET MEDLEMSMØTE MED ORIENTERING OM AKTUELLE SAKER

SAKLISTE:

12-17. Vedtektsendring

Styret har på bakgrunn av tidlegare utmeldingar og ønskje om å auka medlemsmassen drøfta både kven som kan vera medlemmer og storleik på medlemskontingent, særleg for verksemder. For også å gje lag og organisasjonar høve til å vera medlemmer vert det gjort samrøystes framlegg om følgjande vedtektsendring:

I vedtektene sin §2 - Medlemskap står det: «*Verksemder, einskildpersonar og alle andre byggjande krefter kan vera medlemmer*». Vi må rekna friviljuge lag/organisasjonar som «*andre byggjande krefter*» og det er såleis ikkje juridisk turvande med vedtektsendring for å ha dei som medlemmer. Det er likevel ryddig å endra vedtektene slik at dette vert klårt. Framlegg til endringar er understreka:

§1-Føremål

Husnes Vekst er ein sjølvstendig og frittståande organisasjon for næringsliv, lag/organisasjonar og privatpersonar i området. Organisasjonen skal ivareta.....

§2-Medlemskap

Verksemder, lag/organisasjonar, einskildpersonar og alle andre byggjande krefter kan vera medlemmer.

Framlegg til vedtak: Det ekstraordinære årsmøtet godkjenner vedtektsendringane.

13-17. Medlemskontingent

Kontingentstorleiken skal i følgje vedtektene fastsetjast av årsmøtet.

Bakgrunnen for at styret ønskjer å fremja denne saka er attendemeldingar og erfaring om at verksemder med fleire tilsette finn det dyrt å vera medlem i høve til forventningane om kva ein får att. Det er verdfullt å ha så mange verksemder som mogeleg som medlemmer både for informasjonsutveksling, samarbeide om konkrete saker og å gje Husnes Vekst legitimitet.

Noverande medlemskontingent:

Einskildpersonar:	250,-
Par:	350,-
Verksemder	1550,- og kr 75,- pr tilsett

Framlegg endra medlemskontingent frå og med 2017:

Einskildpersonar:	250,-
Par:	350,-
Friviljuge Lag/organisasjonar	500,-
Verksemder/næring	minimum kr 1500,- / etter avtale

Styret vert gjeve fullmakt til å inngå einskildavtalar med verksemder.

Husnes 03.05.2017
for styret i Husnes vekst

Åsmund Kåre Rørvik
styreleiar